

Mandelhuset Eigendom AS
v/Patrick Madsen
5680 Tysnes

20.02.2017

Tysnes kommune
Rådhuset
5685 Uggdal

Søknad om parkeringsplass for Mandelhuset Eigendom AS

1.1: Bakgrunn

Sidan oppstarten av Mandelhuset har me hatt utfordringar med parkeringsplassar. Det har resultert i «kreative» løysingar for parkering for våre gjester, noko som ikkje alltid vert like godt motteke av naboane våre, til dømes ferjekaien. Det er lite offentlege parkeringsplassar i Våge, og lite areal som enkelt kan opparbeidast til nye parkeringsplassar. Mandelhuset Eigendom AS vil no på vårparten av 2017 sette opp eit nybygg og totalrenovere kjøkkenet vårt. Dette er ein relativ stor investering for ei lita bedrift. Ein av utfordringa til Mandelhuset er altså parkeringsplasser til gjestane. Fleire bussar og personbiler vil me no måtte ha parkeringsplass til. Mandelhuset har i dag begrenset areal og har dermed ikkje plass til meir parkering på eigen tomt.

Me meiner at den utvidinga stiller i same kategori som parkeringsinvesteringa til Laukhamar Fritid og Haaheim Gaard. Me meiner og at det skal ver like føresetnadar for bedriftar i same næring i kommunene. Situasjonen har endra seg sidan oppstarten av Mandelhuset DA, seinare AS. Tysnes var i 2005 utan serveringstad, og i dag har me fleire godt etablerte stader. Dersom Mandelhuset skal ha føresetnadar for å vera konkurransedyktige i framtida må me ekspandera og verta betre på fleire områder. Me har, og vil alltid ha eit mål om kontinuerleg forbetring og ver ein bærekraftig bedrift på Tysnes. Utviding av restauranten er eit ledd i denne strategien.

Løysingen vår på parkering meiner me bli ein elegant løysing. Området er der me har restavfallet vårt i dag («bosskuret»), me såg på området og konkluderte med at det ikkje var så tiltalende som det kunne ver. Me vil bygge ein natursteinsmur mot hamna, rett innforbi gjestekaien. Så fyller me inn med nødvendige masser og asfalterer. Løysingen på restavfallet vårt blir å grave ned ein «molokk». Dette er ein framtidsretta løysing som ivartar det estetiske og vil ikkje ver skjemma for turist og hyttekommunen Tysnes. I tillegg vil det bli ladestasjon for El. Bil på minst ein av plassene.

1.2: Søknad

Med formål om å opparbeide ein parkeringsplass til Mandelhuset sine gjester søker me om eit beløp på 120 000,- av totalkostnad på 202 700,-

Me vonar kommunen ser verdien i å støtta Mandelhuset i sitt arbeid med å tilrettelegga for auka kapasitet, og meir langsiktig og berekraftig drift.

Sidan oppstarten har Mandelhuset aldri motteke noko kommunal stønad.

1.3: Vedlegg

1. Kartutsnitt parkering
2. Kostnadsbudsjet

Helsing

Patrick Madsen for Mandelhuset AS